

Fra: Oliva Bakketun <olmba@statsforvalteren.no> på vegne av Beredskap Statsforvaltaren i Vestland <sfvlberedskap@statsforvalteren.no>
Sendt: fredag 25. august 2023 14:23
Til: Post Osterøy
Emne: Referat frå kommunemøte og informasjon frå DSA (intern sak 2023/36)
Vedlegg: Kommunemote_24._august_2023.pdf; Mattilsynet_-_20230824_Vestland__mote_med_Statsforvalteren.pdf; Gloppen_kommune_-_Fugleinfluensa_2023.pdf; Oppdrag_om_a_kartlegge_kapasitet_til_a_innkvartere_eit_sterkt_aukande_tal_flyktningar.msg; Brev_fra_DSB_-_Bli_med_pa_Egenberedskapsuka_2023.pdf; DSA_-_Informasjon_100_til_atomberedskapsorganisasjonen_om_situasjonen_i_Ukraina.pdf

Til kommunedirektørar/rådmenn, beredskapskontaktar og kommuneoverlegar/smittevernlegar

Kopi til KS, fylkeskommunen og helseføretaka m.fl.

Vedlagt ligg referat frå kommunemøte 24. august 2023. Vedlagt ligg òg;

- Presentasjonar som blei vist i møtet
- Presentasjon frå Norsk Naturskadepool
- E-post med informasjon og Excel-mal knytt til oppdraget om å kartlegge kapasitet til å innkvartere eit sterkt aukande tal flyktningar
- Brev frå DSB om eigenberedskapsveka 2023
- Statusoppdatering frå Direktorat for strålevern og atomberedskap (DSA) om situasjonen i Ukraina. DSA melder at dei for no avsluttar vekentleg rapportering, men at dei følgjer situasjonen tett og vil informere viss situasjonen endrar seg.

Lenkje til påmelding til Fagsamling om samfunnstryggleik og beredskap i Førde:

https://www.deltager.no/statsforvalteren/event/kommunesamling_i_forde

Lenkje til påmelding til Nasjonal fjellskredkonferanse i Flåm (for fjellskredkommunar):

https://www.deltager.no/statsforvalteren/event/fjellskredkonferansen_2023_17102023

Rayvn

På ressursida til RAYVN/DSB ligg webinar og e-læringsmodular for å kome i gang med RAYVN:

<https://rayvn.global/dsb/>

Fysisk kurs i Bergen

Det vert arrangert eit fysisk kurs i Bergen måndag 18. september.

Viss det er mange nok kan det verte to kurs den dagen (3 timars kurs, før og etter lunsj).

Det er fint om de kan tenkje gjennom om dykkar kommune ønsker å delta på kurset, og gi oss ei tilbakemelding (på sfvlberedskap@statsforvalteren.no) om kor mange det i så fall kan vere aktuelt for.

Referat frå kommunemøta blir òg [publisert her](#).

Venleg helsing
Statsforvaltaren

(intern sak 2023/36)